

SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|--------|---------------|------|------------|
| 016/16 | Formannskapet | PS | 18.02.2016 |
| | Kommunestyret | PS | |

| Saksbehandlar | ArkivsakID |
|---------------|------------|
| Janne Sund | 15/830 |

Mynde til å gjere budsjettendringar i samband med auka busetting av flyktningar

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

1. Kommunestyret gjer rådmannen mynde til å budsjettjustere inntekter og utgifter i samband med auka til busetting av flyktningar i 2016. Budsjettjusteringane skal ikkje gje negativ resultateffekt.
2. Kommunestyret gjer rådmannen mynde til å budsjettjustere inntekter og utgifter i samband med oppretting av asylmottak, og ved endring av tal busette på flyktingemottak. Budsjettjusteringane skal ikkje gje negativ resultateffekt.
3. Rådmannen skal innarbeide punkt om mynde til å gjere endringar i samband med busetting av flyktningar og endringar i tal flyktningar i asylmottak i rulleringa av økonomireglementet i 2016.

Formannskapet - 016/16

FO - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO - vedtak:

1. Kommunestyret gjer rådmannen mynde til å budsjettjustere inntekter og utgifter i samband med auka til busetting av flyktningar i 2016. Budsjettjusteringane skal ikkje gje negativ resultateffekt.
2. Kommunestyret gjer rådmannen mynde til å budsjettjustere inntekter og utgifter i samband med oppretting av asylmottak, og ved endring av tal busette på flyktingemottak. Budsjettjusteringane skal ikkje gje negativ resultateffekt.
3. Rådmannen skal innarbeide punkt om mynde til å gjere endringar i samband med busetting av flyktningar og endringar i tal flyktningar i asylmottak i rulleringa av økonomireglementet i 2016.

Saksopplysningar:**Politisk handsaming**

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Saksutgreiing:

Kvart år vedtek kommunestyret tal flyktningar som skal busettast i Lindås kommune. På det tidspunktet saka er oppe til behandling er det ikkje avklart kor mange Lindås kommune faktisk får busette, kvar flyktningane kjem frå, alder, opplæringsbehov, mm. Dette gjer det vanskeleg å ta omsyn til budsjettjusteringar i sak om busetting av flyktningar. I tillegg vil ikkje tilskot for busetting av flyktningar vere avklart før flyktningane faktisk er busett, då det kan vere differanse i vedtatt tal som kan busettast og faktisk busetting.

I 2016 er det budsjettert med busetting av 22 flyktningar, mens det i saka om busetting av flyktningar er gjort framlegg om busetting av 55 flyktningar (kor 20 av desse er einslige mindreårige). Tidlegare år har differansen i budsjettert tal og vedteken tal etter at saka har vore handsama i kommunestyret blitt korrigert i 1. kvartalsrapport. Dette er ikkje ein god løysing, då det gjer at einingane ikkje får naudsynt budsjett tildelt før 1. kvartalsrapport har vore behandla politisk (mai/ juni).